

Prosedyre for arbeidet fram mot akkreditering og etablering av nye gradsstudier.

Fastsett i UU 23.05.2017. Revidert juni 2022. Gjeld frå 15. august 2022.

Prosedyre for arbeidet fram mot akkreditering og etablering av nye gradsstudier ved UiS

Ansvarleg for prosedyren: Utdanningsdirektøren.

Prosedyrebeskrivelsen skal sikra at:

- studier vert utvikla i samsvar med gjeldande regelverk og fristar
- studieplanen oppfyller krav til akkreditering og UiS sine egne kvalitetskrav¹
- studieplanen dannar grunnlag for søknad om akkreditering og etablering

Tidsplan

Prosedyrebeskrivelsen inneheld ein tidsplan som har som mål akkreditering og etablering av nytt studium innan ordinær frist 1. november, for studium som skal starta året etter. Tidsplanen har ein open start. Prosedyrebeskrivelsen gir rettleiing til arbeidet frå ide² til styret sitt vedtak om etablering av nytt studium.

Fram mot akkreditering og etablering vil der vera klart definerte fristar, som er gitt i Kvalitetssystem for utdanning ved Universitetet i Stavanger.

Fasane i utviklingsarbeidet

Arbeidet med utvikling av eit nytt studium vil hovudsakleg kunna delast inn i fem fasar pluss informasjon om etablert studium. For kvar fase er der vilkår som må oppfyllest før arbeidet kan gå vidare til neste fase.

1. Søknad om utgreiingsløyve

I søknad om utgreiing av nytt studium skal det gjerast greie for nokre grunnleggjande føresetnader som må vera til stades for at det kan tildelast utgreiingsløyve. Dette gjeld korleis eit studium fyller ein trong i samfunnet for slik utdanning, korleis det samsvarar med universitetet og fakultetet sin strategi og faglege profil, om fagmiljøet har den profilen, nivået og kapasiteten som krevst, inkludert utdanningsfagleg kompetanse, internasjonalisering i studiet og korleis studiet skal finansierast³.

Dokumentasjon: Søknad og vedtak om utgreiingsløyve.

Vilkår for vidare prosess: Rektor gir løyve til utgreiing og utvikling av nytt studium.

2. Utvikling av søknad

Dei som utviklar studiet og skriv studieplanane, har hovudansvaret for at krava i dokumentet *Akkreditering av studier ved Universitetet i Stavanger* vert oppfylde, og til å gjera faglege og pedagogiske vurderingar. I tillegg kan interne lesarar nyttast til hjelp i utarbeiding av søknad og studieplan, eventuelt også med deltaking frå arbeidslivet.

¹ Samla oversyn over krava finst i dokumentet Akkreditering av studier ved Universitetet i Stavanger

² Utgangspunktet for å utvikla eit studium kan vera eit initiativ frå ei faggruppe, behov meldt inn frå arbeidslivet, eit vedtak i institusjonelle organ eller ein invitasjon frå departementet, eller det kan vera omarbeiding av eit eksisterande studium.

³ Sjå dokumentet Søknad om tillatelse til å utvikle søknad om akkreditering og etablering av studium.

Prosedyre for arbeidet fram mot akkreditering og etablering av nye gradsstudier.

Fastsett i UU 23.05.2017. Revidert juni 2022. Gjeld frå 15. august 2022.

Dokumentasjon⁴: Søknad med studieplan så langt den kan utviklast i denne fasen.

Vilkår for vidare prosess: Det må liggja føre søknad med fullstendig studieplan og emneplanar.

3. Fagfellevurdering

Eksterne fagfeller (vanlegvis to) går gjennom søknaden med studieplan og eventuelt annan dokumentasjon frå utviklingsfasen. Dekan oppnemner fagfellene etter framlegg frå fagmiljøet. Fagfellene skal i tillegg til fagleg kompetanse på minst fyrstestillingsnivå, også ha utdanningsfagleg kompetanse og erfaring med utvikling av studieprogram. Avtale med fagfeller bør gjerast så tidleg som mogeleg i prosessen. Fagfellene skal vurdere studiet ut frå dei same krava som vart brukte i utviklingsfasen. Det er utarbeidd eit eige skjema med spørsmålsstillingar som skal liggja med oppdraget til fagfellene. Dekan kan i tillegg be fagfellene om å gjera serlege vurderingar av nærare definerte spørsmål. Fagfellene står elles fritt til å gjera vurderingar av eigendefinerte problemstillingar. Fagfellene sender rapport med si vurdering til dekan. Fagfellene kan arbeida kvar for seg eller gje ein felles rapport. Rapporten skal innehalda ei utgreiing om korleis akkrediteringskriteria er oppfylde. Fagmiljøet som har utvikla studiet skriv eit tilsvar, som viser korleis fagfellene sine tilrådingar og kommentarar er tekne omsyn til i den endelege søknaden. På grunnlag av rapport og tilsvar og vidare arbeid med søknaden avgjer dekan om den kan leggjast fram for fakultetsstyret for godkjenning.

Dokumentasjon: Rapport med tilråding frå fagfellene. Tilsvar frå fagmiljøet.

Vilkår for vidare prosess: Dekan vurderar at søknaden kan leggjast fram for fakultetsstyret med forslag om godkjenning.

4. Handsaming i fakultetsstyret og søknad

Dekan legg søknaden fram for fakultetsstyret for godkjenning. Fakultetsstyret fremjar forslag om at studiet kan akkrediterast. Ved positivt vedtak sender dekan søknaden til rektor ved utdanningsdirektøren for framleggjing i utdanningsutvalet og universitetsstyret⁵.

Dokumentasjon: Søknad med studieplan. Vedtak frå fakultetsstyret.

Vilkår for vidare prosess: Fakultetsstyret si godkjenning av søknaden og tilråding om akkreditering.

5. Akkreditering og etablering

a) Utdanningsdirektøren har ansvar for førebuing av sak til utdanningsutvalet, som tek stilling til akkreditering. Utdanningsutvalet skal vurdere kvaliteten i arbeidsprosessen fram til oversending av søknad og om alle akkrediteringskriteria er vurderte. Utvalet skal også vurdere trong for studiet opp

⁴ I førearbeidet til revisjon av Forskrift om kvalitetssikring og kvalitetsutvikling i høgere utdanning og fagskoleutdanning vert det stilt krav om at institusjonen sine vurderingar av nye studier skal dokumenterast.

⁵ Fakulteta opprettar eigne saker i arkivsystemet kvart år for handsaming av akkrediteringar og etableringar. Desse sakene skal leggjast til det enkelte fakultetet sitt underprosjekt under 18-40:

18-41 Akkreditering og etablering, periodisk evaluering og reakkreditering ved SV
18-42 Akkreditering og etablering, periodisk evaluering og reakkreditering ved TN
18-43 Akkreditering og etablering, periodisk evaluering og reakkreditering ved UH
18-44 Akkreditering og etablering, periodisk evaluering og reakkreditering ved HV
18-45 Akkreditering og etablering, periodisk evaluering og reakkreditering ved HH
18-46 Akkreditering og etablering, periodisk evaluering og reakkreditering ved UK

Prosedyre for arbeidet fram mot akkreditering og etablering av nye gradsstudier.

Fastsett i UU 23.05.2017. Revidert juni 2022. Gjeld frå 15. august 2022.

mot universitetet sin strategi og ressursbruk. På denne bakgrunnen skal utdanningsutvalet kunna fatta vedtak om akkreditering og gje råd til styret om etablering av studiet.

Utdanningsdirektøren har ansvar for å sikra god kommunikasjon omkring etablering av nytt studium. Aktuelle einingar som må vera informerte og eventuelt rådførde er Avdeling for kommunikasjon og samfunnskontakt, Økonomiavdelinga, Internasjonal seksjon og Seksjon for opptak og veiledning.

Vilkår for vidare prosess: Utdanningsutvalet akkrediterar studiet.

b. Rektor legg søknaden fram for styret, som skal ta stilling til om studiet kan etablerast og lysast ut. Denne delen av prosessen skal samanhaldast med sak om studieplassar. Etablering av eit studium vil normalt skje i same styremøte som sak om studieplassar vert handsama.

Dokumentasjon: Søknad, saksframlegg, møtebøker med vedtak frå utdanningsutval og styre.

Når eit studium er vedteke etablert, skal det så snart som mogeleg sendast formell informasjon til alle relevante partar/einingar.

Søknad om akkreditering og etablering av studier skal setjast opp i samsvar med mal for *Søknad om akkreditering og etablering av studium ved Universitetet i Stavanger*.

Skjematisk prosedyreoversyn frå idé til etablering av nytt studium

Fase	Frist og vilkår	Aktivitet	Krav og dokumentasjon	Ansvarleg
1. Søknad om utgreiingsløyve	Dekan bestemmer frist for søknad om utgreiingsløyve	Initiativtakar(ar) begynner planleggjing og diskusjonar om arbeid med nytt studium. Søknad om utgreiingsløyve vert sendt dekan.	Vurderingar av mogeleg utvikling av nytt studium. Det skal gjerast greie for korleis eit studium fyller ein trong i samfunnet for slik utdanning, korleis det samsvarar med universitetet og fakultetet sin strategi og faglege profil, om fagmiljøet har den profilen, nivået og kapasiteten som krevst, inkludert utdanningsfagleg kompetanse, internasjonalisering i studiet og korleis studiet skal finansierast. Dokumentasjon: Søknad og vedtak om utgreiingsløyve.	Leiar av næraste eining er ansvarleg for søknad om utgreiingsløyve.
	Vilkår for vidare prosess	Rektor gir løyve til utgreiing og utvikling av nytt studium. Kopi av løyve vert sendt universitetsdirektøren.		Dekan

Prosedyre for arbeidet fram mot akkreditering og etablering av nye gradsstudier.

Fastsett i UU 23.05.2017. Revidert juni 2022. Gjeld frå 15. august 2022.

2. Utvikling av søknad	Dekan bestemmer frist for utvikling av studieplan og søknad	Utvikling og skriving av studieplan og søknad.	Krav til kvalitet i gjeldande forskrifter og retningsliner. Faglege og pedagogiske vurderingar. Dokumentasjon: Søknad med studieplan..	Fakultet ved dekan er ansvarleg for utvikling av studium og søknad.
	Vilkår for vidare prosess	Det må liggja føre fullstendig søknad med studieplan og emneplanar.		
3. Fagfellevurdering		Gjennomgang av studieplan og søknad. Fagfellene sender si vurdering til dekan.	Fagleg og utdanningsfagleg kompetanse. Vurdera studiet etter gjeldande forskrifter og retningsliner. Dokumentasjon: Rapport med tilråding frå fagfellene. Tilsvar frå fagmiljøet.	Dekan og fagfeller
	Vilkår for vidare prosess	Dekan vurderer at søknaden kan leggjast fram for fakultetsstyret med forslag om akkreditering.		
4. Handsaming i fakultetsstyret og søknad		Dekan vurderer søknaden på bakgrunn av utviklingsarbeidet og sakkyndig komite sin rapport og tilråding.	Dokumentasjon: Søknad med studieplan. Vedtak frå fakultetsstyret.	Dekan
	Vilkår for vidare prosess	Fakultetsstyret si godkjenning av søknaden og tilråding om akkreditering.		
	7. august	Dekan sjølv sender søknad til rektor.		
5. Akkreditering og etablering		Utdanningsdirektøren førebur sak for utdanningsutvalet.	Vurdera søknaden i samsvar med krav til akkreditering. Dokumentasjon: Saksdokument, møtebok og vedtak.	Utdanningsdirektør

Prosedyre for arbeidet fram mot akkreditering og etablering av nye gradsstudier.

Fastsett i UU 23.05.2017. Revidert juni 2022. Gjeld frå 15. august 2022.

	Vilkår for vidare prosess	Utdanningsutvalet akkrediterar nytt studium.		
	1. november	Rektor førebur sak for styret	Vurdere søknad om etablering i samsvar med sak om opptaksrammer og strategi. Dokumentasjon: Saksdokument, møtebok og vedtak.	Rektor
	Vilkår for vidare prosess	Styret etablerer nytt studium		
Informasjon	Snarast mogeleg	Informasjon om vedtak til: <ul style="list-style-type: none"> - fakultet - AKS - UiS EVU - Internasjonal seksjon - Seksjon for opptak og veiledning - Økonomiavdelinga 		Utdanningsdirektør